



**Mange har lurt på om det vert salg av julekjes hos Elins Matgleder i år sidan innehavaren sjølv, Elin Enes, er i Spania. Til glede for mange kan vi meddela at det vert salg av eit godt utvalg med julekjes. Silje Eik Gjerde syt for baksten, og frå 1.desember opnar ho butikken for julekjesalg.**

Silje kjem til å baka 8-10 sortar etter dei gode, gamle juleoppskriftene. Det vert også eit godt utvalg av glutenfritt. Frå 1. desember vil butikken vera open mellom klokka 12 og 14 frå mandag til laurdag. Dermed er det mange som kan pusta ut, - letta og fornøgde. Julebaksten er i hamn!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Elins Matgleder